

Rusten – Blackerust (gnr. 109)

- Rusten: Namnet som blir brukt av bygdefolket i talemålet og i skrift i kyrkjebøkene. Namnet kjem av rust, skoglund, helst av lauvtre.
- Blackerust: Namnet som det er skrive i matrikkelen og i skjøte og i andre dokument. Namnet viser truleg til ein stad der lauvskogen vart særmerkt bleik, blakk.

I matrikkelen av 1668 er gardnamnet skrive "Blackerust", og garden var da bondegods som tilhørde Tiøstel og vart brukt av han. I landskyld svara garden ½ hud eller 6 skinn, og buskapen av store husdyr utgjorde da 2 hestar og 9 naut. Ein merkar seg elles at Blakrusten alt da hadde seter og sommerbeite for krøtera på Svesetra. Det eine med det andre fortel tydeleg at Blakrusten slett ikkje var nokon rydningsplass lenger.

Av same året, altså 1668, er og ei sak som her er av interesse, og som etter utskrift av tingboka er referert slik:

"Blackerust i Faaberg.

Mellem i Fåberg 11. april 1668.

Olle Nordlund irettefordrer paa sin stedatters vegne Peder Halduorsen, boende på Blacherstad fordi han ikke godvillig efter lovlig oppsigelse og førstebøxels gjenbydelse vil ryddiggjøre samme plads.

Forlik: Peder Halduorsen Blacherustad forplikter sig til straks at fravike Blachrust for Ole Nordlund, hvorimod Ole Nordlund skal betale ham i oppladelse og for første bøxel 24 rd."

Av ei kjelde frå 10 år seinare går det vidare fram at det da hadde vore brukarskifte på "Blackerrust", og den nye brukaren er kalla "Olle". Truleg var det same Ole Nordlund eller Nord-Lunde som fekk fremja kravet sitt i 1668.

Ein mannsalder seinare var det i 1708 ei nye rettsak som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

"Blakrusten i Fåberg.

Lillehammer i Fåberg 6. desb. 1708

Halfuor Blacherust har innstevnet Christen Setter fordi han forleden år før jul gjorde forbud på citantens tømmer og brennefang og har nedbrudt en haffelde.

Avsagt: Det påstevnte tømmer er Halfuor Blacherust hjemfalden og Christen Setter betaler sine hærverksbøter og har adgang til at søke regress. Hvorvidt haffelden skal stå eller feldes avgjøres på åstedet efter stevnemål."

Av eit arveskifte i Blakrusten i Faaberg just same året 1718 går det elles fram at husbonden Halvor og husmora Marit var vorte samde om å skifte med borna sine medan dei baa, foreldra, var i live. Ved dette skiftet er det elles atter opplyst at jordegodset i arvebuet var odelsgoods, og at arvebuet netto utgjorde 56 rd. Borna som var arvingar ved skiftet, var sonen Johannes, som da var 13 år, og dottera Sidsel som var gift.

År 1723 kom det nye matrikkleframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om "Blackerust" vidare fortalt at garden ligg i sollia, men er tungbrukt. Om jordarten er oppgitt at den er god "dog noget vaad og koldlent". Buskapen var da: 2 hestar, 8 naut, 2 sauer og 7 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 2½ tønne bygg. Det var skog nok til

brendeved og gjerdefang, seter med god hamn og slåttar til 1 lass høy. Ein merkar seg og at garden hadde eiga bekkekværn, og at den vart brukt ”ichun til Huus-nøtte”. Eigar og brukar av garden i 1723 var elles ein ny brukar: Johannes Olsen.

Frå 10 år seinare er elles ein tinglyst kontrakt av 1733 som fortel meir om dei som da budde på garden. Kontrakten er elles etter utskrift av panteboka sålydande:

”Blacherusten.

Kontrakt dat. 28. mars 1733 tgl. 13. juni s.å. mellom Johannes Halvorsen Blachrusten og hans svoger Johannes Olsen. Sistnevnte har brukt ødegården Blachrusten til nu, da Johannes Halvorsen er blitt myndig. Fra nu av overtar Johannes Halvorsen gården igjen som skylder 6 skind, hvorav søster og hennes mann har 2 skind. Disse skal de også bruke fremdeles, og bo i et hus som de har opbygget seg, og svare skatter og rettigheter av sine 2 skind.”

To år seinare fekk i 1735 Johannes Blacherusten fogdens bevillingsseddel på ”1/3 part i en gressløkke på Sveesæteren i almenningen, hvorav han svarer årlig for 1 lass hø 2 skl.”

Frå året etter er ei sak av 1736 som etter utskrifta av tingboka er bokført slik:

”Blakrusten i Fåberg.

Fliflet i Fåberg 16. februar 1736.

Johannes Halvorsen og Johannes Olsen, begge boende på Blakrusten i Saksums-dalen gav beklagelig tilkjende at deres aker da den stod på sitt bedste avvigte sommer, ble ganske ødelagt av en haglskur. Johannes Halvorsen meldte dessuten at hans tørkestue med 4 sold korn brente like før jul. Forestående ble bekreftet av de to kvinner Anne Sivertsdr. og Sigri Nielsdr.”

Fem år seinare var det i 1741 atter skadevarme laus i Blakrusten, og den daværande oppsittaren Peder Jensen Sønsteli (frå Gausdal) fekk da tingsvitne for at ”stor skade overgikk ham den 15. juni ved ildebrand på hans gård Blachrusten da 3 hus nemlig stue, stórhus og bu med loft blev ødelagt og øvrige bygninger beskadiget.”

Peder Jensen Sønsteli brukte Blakrusten samla til i 1744, da han selde den eine halvparten av garden, Blakrusten av skyld 3 skinn, til Lars Ellingsen for kjøpesum 130 rd. Samtidig selde han og den andre halvparten av garden, Blakrusten også av skyld 3 skinn, til Johannes Halvorsen, som før hadde odelsretten på garden, men kjøpesummen var som for den andre halvparten, nemlig 130 rd.

Johannes Halvorsen hadde så sin halvdel av Blakrusten, Blakrusten av skyld 3 skind til i 1747, da han gav skjøte til Jens Larsen Ravnum for 122½ rd. + føderåd. Denne kontrakten er elles etter utskrift av tingboka sålydende:

”Blachrusten.

Føderådskontrakt dat. 7. septbr. 1747 tgl. 15. s.m.

Fra Jens Larsen Ravnum av Fåberg prestegjeld til Johannes Halvorsen Blachrusten og hustru Anne Nielsdr. på føderåd av Blachrusten mot å svare 1½ rd. årlig. Dette føderåd kan fortsettes av en av deres barn mot å betale det samme.

Anm. De skal bruke 5 mål av gårdens aker og de skal ha frit tilholdssted på gården i de hus de selv vil opbygge sig, siden gården nu er med ingen hus forsynet.”

Kjøparen Jens Larsen hadde heller ikkje sin halvpart av Blakrusten meir enn i 3 år til i 1750, da han gav skjøte til Lars Ellingsen, som framleis frå før hadde sin halvpart av Blakrusten gard av skyld 3 skinn. Dermed hadde altså Lars Ellingsen atter samla heile Blakrusten gard, Blakrusten av skyld 6 skinn, på si hand.

Av same året, altså 1750, er og ein tinglyst deklarasjon som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Blachrusten.

Deklarasjon dat. 14. jan. 1750 tgl. 16. febr. s.å. Hvorved Lars Ellingsen Blachrusten av Fåberg tilstår av uvidenhet å ha hugget en del trær nedenfor Kaarsaasen i de 2 gårder Ondsums og Lundgaards hjemraster, men med løfte om frafald har han fått vildfarelsen eftergitt. Han lover, at likesom Kaarsaasen eller den høieste ryg av kjølen imellom Saxumdalen og hovedsognet skal tjene han så vel som hans granner til etterretning, at han nedenfor ikke skal komme med noget bruk uten forlov av eierne på gårdene Ondsum og Lundgaard, og Rugkjernet skal være det sted på den nordre kant hvor han ikke søndenfor skal komme med noget brug.”

Men sju år seinare gav i 1757 Lar Blakrusten skjøte til Christen Larsen på grd. Blachrusten for kjøpesum 350 rd. og føderåd til sine foreldre Lars Blakrusten og hustru Siri Jonsdr. – Christen Larsen som dermed tok over som brukar, hadde i 1750 gifta seg med Maren Iversdr., og dei fekk i sitt ekteskap 2 born. Dei var:

a. Lars f. 1753, b. Sigrid f. 1759

Om naturskade på garden handlar ei sak av 1769, som etter utskrift av tingboka er ført slik:

”Blakrusten i Fåberg.

Forrige foged Christen Pram møtte for sin søn, den suspendede og arresterede foged Johan Adolf Pram og tilspurte lagrettet og almue om gården Blachrusten, hvis eier Christen Larsen har nydt skattefrihet på grunn av elvebrudd og skred, igjen er istandsatt. Lagrettet og almuen svarte at Christen Larsen har anvendt all mulig flid på å rette skaden, så vidt det var mulig.”

Christen Larsen eller Kristen Rusten, som han vart kalla av sambygdingane, brukte så farsgarden Rusten av skyld 6 skinn til 1774, da han gav skjøte til sonen Lars f. 1753 for kjøpesum 400 rd. og føderåd til foreldra.

Om plassen Lillerusten under Rusten handlar ei sak av 1781. Domen i saka har elles etter utskrift av domsprotokollen denne ordlyden:

”Fåberg 16. febr. 1781.

Lars Rusten kontra Rasmus Lillerusten ang. bruk av en husmannsplass.

Dom: Husmannen Rasmus har på sin kones vegne besiddet pl. Lillerusten under grd. Rusten, hvilken plass var forbeholdt henne efter hennes fars død. Den rett Rasmus hadde til plassen, synes å opphøre ved hans kones død, men innstevntes vidner har forklart at han hadde inngått mundtlig forening med citanten, hvorefter han fremdeles skulle nyde plassens bruk for sin livstid imot at avgiften ble forhøiet til 2 rd. og at han avstod en del av plassens jord. Ti kjennes for rett: Innstevnte Rasmus Lillerusten bør for citantens tiltale fri at være, således at han fremdeles nyder plassen Lille Rusten for sin livstid mot årlig avgift 2 rd. så lenge han for

øvrig etterkommer sin plikt og hva han efter loven skylder sin husbonde. Prosessens omk. oppheves.”

Her kan elles leggjast til at same Rasmus Lillerusten hadde vore gift med Jørron Johannesdtr. Rusten, og ho og Rasmus hadde i sitt ekteskap fleire born. Dei var:

- a. Marit f. 1756, b. Aase f. 1757, c. Marit f. 1759, død som barn, d. Anne f. 1762,
- e. Bent f. 1765, f. Siri f. 1766, g. Johannes f. 1771.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 2 familiar i ”Blakrusten”, Dei var:

1. familie:

1. Lars Christensen, husbonden, 49 år
2. Anne Olsdtr., kona hans, 60 år
3. Christen Larsen, son deira, 20 år
4. Sidsel Larsdtr., 21 år
5. Siri Larsdtr., 17 år
6. Martha Larsdtr. tvilling, 17 år
7. Svend Olsen, tenestkar, 21 år
8. Christen Larsen, far til husbonden, føderådsmann
9. Erich Larsen, legdbarn, 10 år

2. familie:

1. Jon Christensen, husmann med jord, 50 år
2. Marit Rasmusdtr., kona hans, 42 år
3. Guri Jonsdtr., dotter deira, 13 år
4. Ole Jonsen, son deira, 11 år
5. Anders Jonsen, 9 år
6. Siver Jonsen, 6 år
7. Rasmus Jonsen, 1 år.

Husbonden Lars Christensen brukte så sjølv garden Blakrusten vidare til i 1804, da han skjøta garden over til odelsarvingen sonen Christen f. 1781 for kjøpesum 500 rd. og føderåd til foreldra.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåbeg av 1819. Der er det om ”Rusten” oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 2 hestar og 16 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 30 tønner.

To år seinare var i 1821 husfrua Ingeborg Johannesdtr. død, og det var skifte på ”Blakrusten i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordgodset grd. Blakrusten verdsatt til 500 spd., og arvebuet utgjorde brutto 831 spd. og netto 753 spd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Christen Larsen dei 5 borna i ekteskapet. Av dei var da: a. Lars 6 år, b. Anne 13 år, c. Karen 9 år, d. Johanne, tvilling, 6 år, e. Marte 4 år, Husmora Ingeborg Johannesdtr. var 40 år da ho døde, og ho var frå Bakke i Gausdal.

Ved martikuleringa i 1838 var den gamle landskylda skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. ”Blakrusten” som garden også her er kalla, fekk da som si nye matrikkelskyld: 4 skylddalar 1 ort 9 skl., og det var framleis Christen Larsen som var oppsittar på garden.

Men fem år seinare skjøta i 1843 faren Christen Larsen ættegarden Rusten over til sonen Lars Christensen f. 1815.

Etter atter åtte år var det i 1851 skifteforvaltaren i Anne Christophersdr. Rustens dødsbu som forvalta midlane, og han selde så grd. Blakrusten vidare til Erik Thidemandsen Ødegaarden for 900 spd. Ein merkar seg elles at Christen Larsen Rusten levde framleis i 1856. Han gav da eit pantebrev til borna sine: Simen og Anne.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Blakrusten" oppgitt at samla jordbruksareal der av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 386 mål, og av dette var 52 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at buskapen i Blakrusten da var 5 hestar, 25 storfe, 29 sauer og 25 geiter, og at den årlege utsæd i Blakrusten med plassar tilsm. utgjorde kring 12 tønner korn og 10 tønner settepoteter. Ti år seinare gav i 1875 Signe Olsdr. Rusten skjøte til Tidemand Eriksen på grd. Blakrusten for kjøpesum 800 spd. og eit føderåd av 5-årleg verdi kr 375,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. I denne matrikkelen er garden såleis kalla Blakrusten og fekk ved matrikuleringa som sitt nye gardsnummer nr. 109 av samla skyld 7,25 mark. Ein merkar seg og at det under grn. 109 enda var berre eitt bruksnummer, nemleg grn, 109 brn. 1 Rusten av skyld 7,25 mark, som Tidemand Eriksen også da var brukar og eigar av.

Men i 1889 gav så Tidemand Eriksen Rusten skjøte til Knut Tidemandsen Kluftødegården på grd. Blakrusten for sum av kr 6.700,- + eit føderåd av 5-årleg verdi kr 800,-. Kjøparen Knut Tidemandsen var gift med Gudbjørd Arnesdr., og dei fekk i den tid dei var oppsittarar i Rusten 5 born. Dei var: a. Ingeborg f. 1889, b. Albert f. 1891, c. Torvald f. 1892, d. Albert f. 1894, e. Hjertrud f. 1895.

Men året etter skjøta i 1896 Knut Tidemandsen grd. Blakrusten over til Haldor Tidemandsen Rusten også for kr 6.700,-.

I tida frå 1898 var det så fleire skylddelingsforetningar i Rusten, som garden ved det høve vart kalla. I 1890 vart så "Rusten Sameieskov" fråskilt og skyldsett til 0,80 mark, og i 1900 vart parsellen Rusthagen fråskilt og skyldsett til 0,10 mark. Vidare vart i 1901 parsellen Nordre Rusten og Ruststølen fråskilt, og året etter gjaldt skylddelinga øvre Rusten, som vart skyldsett til 0,39 mark. Etter ajourført matrikkel av 1904 var det blitt 6 bruksnr. under gardsnr. 109 Blakrusten som framleis garden der er kalla. Dei 6 bruksnr. med eigarar under gardsnr. 109 var da:

- a. Grn. 109 brn. 1 Rusten av skyld 4,38 mark, som da var overtatt av Johan Brobakken
- b. Grn. 109 brn. 2 Rusten sameieskog, skyld 0,80 mark som A/S Tolv tusind Maal Skog var eigar av.
- c. Grn. 109 brn. 3 Rusthagen, skyld 0,10 mark, som Even Jonsen hadde tilhandla seg.
- d. Grn. 109 brn. 4 Rusten nordre, skyld 1,27 mark, og som tilhørde Olaus Mortensen.
- e. Grn. 109 brn. 5 Ruststølen, skyld 0,31 mark, med Ole E. Enger som eigar og/eller brukar.
- f. Grn. 109 brn. 6 Rusten øvre av skyld 0,39 mark, som Gina Amundsdr. var eigar eller brukar av.

Her tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 3 personar med røysterett i og/eller ved Rusten. Dei 3 var:

1. gardbr. Johan Brubakken, Rusten, 53 år
2. gardbr. Bertil J. Seter, Rusten, 28 år
3. gardbr. Even Jonsen, Rusthagen, 37 år

Av handlar i seinare tid med grn. 109 Rusten eller Blakrusten tek vi vidare med at i 1907 kjøpte Otto Langmoen grn. 109 brn. 2 Rusten Sameieskog, og i året etter kjøpte Olaf Lien grn. 109 brn. 5 Ruststølen. B. Jonsen tilhandla seg i 1916 grn.109 brn. 9 Søndre Blakrusten skog, og Kristofer Jensvold kjøpte grn. 109 brn. 11 Bukketeigen. Så å seia samtidig kjøpte og Simen Brenden grn. 109 brn. 12 Rønningen. Seinare, visstnok i 1923, overtok så Ola Jensvold grn. 109 brn 1 Rusten, og Nils E. Rudshagen kjøpte grn. 109 brn. 13 Bergseng. Vidare kjøpte i 1932 Arne Jensvold grn. 109 brn. 14 Jensvold, og Reidar Hovland tilhandla seg i 1933 grn. 109 brn. 7 nedre Rusten av O. J. Melgard.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det etter dette 6 bruksnr. under gardsnr. 109 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar).

Dei 6 gardsbruk var:

- a. Grn. 109 brn. 1 Rusten med eit jordbruksareal på ca. 60 mål, som Ola Jensvold framleis var eigar og brukar av.
- b. Grn. 109 brn. 2 Rusthagen, jordareal ca. 25 mål, som Fåberg kommune var eigar og Sigurd Matisen brukar av.
- c. Grn. 109 brn. 4,10,13 Rusten nordre. Jordbruksareal ca. 53 mål, eigar og brukar Nils Rudshagen.
- d. Grn. 109 brn. 7. Nedre Rusten, jordbruksareal ca 36 mål, eigar og brukar Reidar Hovland.
- e. Grn. 109 brn. 6 Rusten Øvre, jordbruksareal ca. 12 mål som Magnus Furulund var eigar og Haldor Furulund da var brukar av.
- f. Grn. 109 brn. 14 Jensvoll, jordbruksareal ca. 45 mål, som Arne Jensvoll var eigar og brukar av.

Ola Jensvoll, som i 1965 framleis er eigar og brukar av grn. 109 brn. 1 Rusten, har vore mykje med i det kommunale liv i Fåberg. Han har såleis i ei årrekke vore formann i Fåberg jordstyre og medlem av Fåberg heradsstyre. I terminen ??? var Ola Jensvoll og ordførar i Fåberg.